

Saman om reinseanlegg?

14.05.2012

Det har vist seg svært vanskeleg å reinse svartvatn frå biotoalett og difor har skedelingane og hyttenaboane Roar Musland og Endre Myklebust gått saman om installasjon av eit mini reinseanlegg på Bjørkestølen. Anlegget vil ta seg av både svartvatn og gråvatn og gje betre kontroll og meir samla utslepp. Begge vil også spare kostnader.

Myklebust opplyser at kostnaden blir 100 000 på deling og det blir like mykje eller mindre arbeid med installasjon.

Det er eigentleg ikkje lov å installere vassklosett og vegen er ikkje dimensjonert for tømmebil men det er mogeleg å tømme direkte frå vegen til skitrekket.

Myklebust meiner at det som vil koma ut av anlegget vil vera nærast reint vatn og betre reinsa enn ved bruk av filter